

# Best besøkt, og best mat



**POPULÆR STOPPESTAD:** Haukeliseter fjellstue ligg flott til ved E134 på Haukelifjell, 998 meter over havet.

FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

## Haukeliseter fjellstue er DNT si best besøkte turisthytte. Og dei er kjende for særst god mat

I 2016 fekk dei bladet Motor sin pris for beste vegmat i Telemark, og året etter gjekk Haukeliseter fjellstue heilt til topps i den årlege, nasjonale kåringa. Og i fjor var dei blant dei ti i finalen.

Ingen tvil om at maten som blir servert på Haukeliseter held mål.

Ifølgje juryen er maten inspirert av fjellet, og menyen skal passa med omgjevnadene.

– God mat, lokale råvarer og ein liten, men variert meny som passar på ein stad som Haukeliseter fjellstue. Det er oppskrifta på ein vinnar. Du kan til dømes få reinskavsgryte, men også klassisk, norsk mat som rømmegrout og kjøtkaker. Alt er heimelaga, også bakarvarer som vert baka i deira eige bakeri, stod det å lesa i grunngrjevinga.

Haukeliseter er den best besøkte turisthytta eigd av Den Norske Turistforening. Over 20.000 overnattar kvart år, og det er jo ikkje noko tvil om at det å liggja like ved ein europaveg og dermed lett tilgjenge gjer sitt til at talet er så høgt. For mange er dette fast stoppestad på veg over fjellet.

Men Haukeliseter tilbyr også ei rekkje aktivitetar, alt frå kiting, skredkurs og vinterkurs, til sommaraktivitetar og aktivitetar for



**FULLBOOKA:** Marcus Andersson fortel at dei store deler av året er fullboka på Haukeliseter fjellstue.

FOTO: PRIVAT

born og familiar. Vintersesongen vert avslutta med Haukeliseter fjellfestival i byrjinga av mai, toppturar og bortover-turar på ulike nivå, konkurransar, kurs, foredrag, musikk og god mat.

No til helga er det til dømes skredkurs på fjellski, eit tredagarskurs som er fullboka for lenge sidan.

– Me er stort sett fullboka alle helgar gjennom heile året, men i midtvekene er det mindre trafikk. Men då har me ofte bedrifter eller konferansegrupper, medan det i helgane stort sett er private gjester, fortel marknadsansvarleg Marcus Andersson.

Talet på overnattingsgjester har auka kvart år, frå 17.600 i 2014 til 21.700 i 2018.

► **Magne Kydland**  
magne@sunnhordland.no

Me flyttar til Meierikvarteret i mars.

Cruise  
35%  
rabatt



**Getaway.no**  
Feriereiser fra G Travel

Book din neste cruisereise no. Akkurat no får du 35% på cruise med RCCL over heile verda for reise i 2019. Cruise er kjekt i alle aldrar.

Sjå nye destinasjonar dagleg og opplev alt skipet kan tilby under seiling.

Bookingperiode 09 januar til 28 februar. Mykje kroner å spare så løp og kjøp.



G Travel Stord tlf. 53 40 30 70  
Borggata 32 - Leirvik